



Melding om vedtak

Helse Midt-Norge
Postboks 464
7501 STJØRDAL

HELSE MIDT-NORGE
Saksdok.: 2010/67 - 116
Mottatt: 14 MAI 2010
Saksbeh: BRI Unnløff
Arkiv:

Vår ref.: 10/695-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-G00, K3-&13

Dato: 11.05.2010

HØYRING - STRATEGI 2020 FOR HELSE MIDT- NORGE

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

10.05.2010 KOMMUNESTYRET

KOM-035/10 Vedtak samrøystes:

Stranda kommune har følgjande uttale til ” Strategi 2020.

1. Stranda kommune meiner at dei fire hovudutfordringane er rette, men i tillegg er følgjande utfordringar viktige for det framtidige tenestetilbodet:
 - A) Konkurransen om arbeidskraft mellom kommunane og helseføretaka.
 - B) Arbeidsdeling og finansieringa som del av Samhandlingsreforma.
2. Stranda kommune er samde i dei fem strategiske måla, men kommunen har synspunkt på følgjande:
 - A) Rett kompetanse på rett stad til rett tid.
 - B) Hjelp frå spesialisthelsetenesta til kommunen slik at ein lukkast med førebyggjande arbeid.
Ei gjensidig forpliktande samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunen i høve til Førebyggjande arbeid er avgjerande for å lukkast.
3. Stranda kommune har følgjande synspunkt til dei prinsippa for oppgåvedeling som styret har sendt til høyring.
 - A) Forslag til endringar i struktur og oppgåvedeling kan få konsekvensar i høve til framtidig tilgang til og utvikling av lokal/regional spesialistkompetanse på dei fagområda som ikkje får status som akuttfunksjonar, men som er tiltenkt å drive med er planlagt aktivitet. Dette både i forhold til rekruttering til utdanningslaup for spesialistar og seinare rekruttering av ferdige spesialistar for å sikre fagleg stabilitet i tilboda. Ei slik utvikling vil kunne føre til ei ytterligere sentralisering av spesialisthelsetenesta.
 - B) Strategidokumentet har ikkje god nok dokumentasjon over dei konsekvensane/ endringane det vil bety for kommunen.
 - C) Tidspunktet for å behandle ny strategi for Helse Midt Noreg synes ikkje å være godt nok tilpassa dei sentrale politiske vedtak som er forventa som del av St. meld. nr.

47 "Samhandlingsreforma". Strategi 2020 har fokus på eit tettare og eit meir utvida samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Skal kommunen settast i stand til å handtere nye oppgåver som vil krevje ny og endra kompetanse, så føreset dette ei sterkare sentral avklaring av både lovgrunnlag, finansiering og ny organisering av den tradisjonelle oppgåvedelinga mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. For kommunane er det viktig at denne oppgåvedelinga er vedtatt av sentrale myndigheiter før den blir iverksett, da ei slik ny oppgåvedeling vil ha store konsekvensar for kommunen som tenesteytar.

4. Samarbeidet med helseføretaka og kommunane må styrkast betydeleg. Samhandlingsreforma er på høyringstidspunktet innhaldsmessig svært uavklart, sjølv om retninga er tydeleg. Det er derfor ei vanskeleg oppgåve å foreslå konkret oppgåvedeling/tenesteorganisering mellom spesialisthelsetenesta og kommunane utan å kjenne til økonomien som ein føresetnad for det kommunale handlingsrommet.

Med helsing
Stranda kommune

Kjartan Lied
Ass.rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.